


Komponisten Knut Vaage, som er aktuell i disse dagar med sin første orkester-CD og operaen «Veslefrikk», skriv i eit undrande og lite snakkesalig tonespråk, meiner skribent og kritikar Ida Habbestad.

## Tid som rører seg sakte



«HOKKAIDOS HAGAR»: I den CD-aktuelle klaverkonserten av Knut Vaage er det eit lite tema som er gjenstand for merksemd. På bildet: Einar Røttingen framfor partituret før urframføringa i 2006. ARKIVFOTO: FRED IVAR UTSI KLEMETSEN

### SAMTIDSMUSIKK:

I **KOMPOSISJONANE** sine utforskar Knut Vaage former og klangar. Utforskinga går langsamt, og er såleis mogleg for mange å gripa. Kanskje er det derfor musikken til Vaage appellerer så breitt?

Operaen «Nokon kjem til å kome» var det første stykket eg høyrde av Knut Vaage. Her let Vaage det musikalske uttrykket understreka Jon Fosse sin suggererande og kjensleladde tekst. At Vaage turte å leggja musikk så nært opptil ein tekst som i seg sjølv er musikalsk, trur eg mange fann overraskande. Motet til å vera personleg i kunsten – og evna til å formidla kjensler utan at dei kling forslitne – deler han med Fosse.

**REFERANSEN** til det poetiske har eg knytt til komponisten sidan. Vaage sin musikk er utforma i eit subtilt og roleg språk. Språket hans er undrande og sjeldan retorisk snakkesalig. Men musikken hans er meir enn dette. Komposisjonane kan vera humoristiske og utovervendte. Dei kan vera nesten banalt romantiske, andre gonger nær kaotiske. I forsøket på å skildra kven denne komponisten er, møter ein dermed ei utfordring: Er det mogleg å plassera musikken til Vaage inn i nokon avgrensa ramme? Komponisten sjølv vil insistera på det motsette. Vaage arbeider i mange retningar. Verklista hans er omfattande og spenner breitt. Praktiske element som omfang og typar av ensemble varierer.

**OGSÅ** den estetiske tilnærminga er mangfaldig. Vaage sin musikk kan vera basert på impulsar, som i det kortpusta, men utagerande «Elektra» for elektronisk fele. Andre gonger byggjer han musikken på lange liner.

Det omfattande verket «Høgsongen» har utstrekke område, av reine bad i klang. Bruken av stort orkester med ein rik slagverksseksjon sender tanken til raffinerte franske spektralkomponistar, som gjorde analysar av ein einaste klang til utgangspunkt for heile stykke. Ein vil finna det intuitive, samstundes er musikken hans ofte svært konkret, slik ein høyrer det i kordelane i «Høgsongen», der uttrykket brått er romantisk, på grensa til det overdrivne.

**HEILE TIDA** dveler han. Både den lange lina og den korte impulsen vert utforska. Vaage mediterer over former, og ettertanken gjenomstrøymar musikken. I «Hokkaidos hagar» er eit lite tema gjenstand for merksemd. Temaet vert vendt og vridd, så mykje at me etter kvart ikkje opplever det som noko tema, men eit utgangspunkt for stadig ny og langsam utvikling.

### KNUT VAAGE ØNSKJER Å FÅ OSS TIL Å STOPPA OPP OG LYTTA

Ei slik grunnleggjande ro leiar tanken mot det austleg inspirerte. Ikonet John Cage har vore ein inspirasjonskjelde for Vaage. Men Vaage freistar ikkje, som Cage, å formulera tid som berre er, han freistar ikkje stogga tida. Vaage ønskjer å få oss til å stoppa opp og lytta. Dernest fortel han gjerne: I den dramaturgiske oppbygginga av verka sine gjer Vaage som dei fleste gamle meistarar, han utviklar motiv og kontrasterer dei. Om han då ikkje leikar med motiva, som i «Odysse», der Grieg sine lyriske stykke finst i forgrunn og bakgrunn. Så snart Vaage meiner me har forstått kva Grieg-referanse det gjeld, løyner han sitatet og kler det i lyden av vår eiga tid.

**DESSE** mange innfallsvinklne peikar på motivasjonen til komponisten, om at musikken skal uttrykkja subtile ting om livet. I det kompositoriske prosjektet sitt er Vaage oppteken av livet i langsam utvikling. Vaage snakkar om tida som rører seg så sakte at me mest ikkje merkjer det. Men tida går, og komponisten ønskjer å minna oss på at kvart tiår står att med sin lèt av smak og haldningar – i samtidsmusikken òg.

**YNSKET** til Vaage, om å fortelja subtile historier, og om at musikken skal vera relevant i tida, er del av ein langvarig tendens i miljøet for ny musikk. Men også dette er ei vending som tek tid. Samtidsmusikken går stadig under merkelappen «smal». Når Vaage vert framført nokså hyppig, kan det forklarast med haldninga hans som komponist. Vaage hevdar å vera like inspirert av sine næraste kollegaer som han er av internasjonale namn. Han har arbeidd med amatørar så vel som profesjonelle. Han arbeider med og for barn. Vaage sin entusiasme for breidda i musikkmiljøet, kan forklara evna han har til å skriva musikk som både utøvarar, kritikkar og publikum kan lika; slikt er sjeldan kost. Sjølv sagt er det ikkje alltid slik. Idet Vaage opnar for at musikken kan få uttrykkja det djupaste menneskelege, tenkjer han risikabelt. Det personlege innbydd til klisjé, og somme gonger fell han gjennom. Men oftast finn han ein særeigen tone som er modig uttrykk, og verd å lytta til.

### Japanske konstruksjoner



MUSIKK, SIDE 8-9

### KULTURDEBATT

## Momsfritak på e-bøker

**NORSK** er eit lite språk i møte med engelsk, og korkje nynorsk eller bokmål er sikra posisjonen som samfunnsberande språk utan ein aktiv språk- og kulturpolitikk. Dei siste femti åra har norskspråkleg litteratur hatt fordel av momsfrítak på bøker, statlege innkjøpsordningar for litteratur og normalavtalar for forfattarar og omsetjarar. Styret i Noregs Mållag meiner det er avgjerande å ta vare på og vidareutvikle desse ordningane – ikkje minst slik at dei femnar om nye medium. Noregs Mållag stør dei universelle litteraturordningane både som demokrati- og språkorganisasjon. Enkelte har teke til orde for målretta støtteordningar i staden for ei universell ordning som momsfrítak er. Men målretta tiltak gjev ikkje den same breidda i utgjevingar som universelle tiltak, og må i så fall vere eit tillegg til eit generelt momsfrítak.

**I DAG ER DET IKKJE** momsfrítak på e-bøker. Førebels har ordskiftet om e-bokmoms vore av det prinsipielle slaget, ettersom salet av e-bøker i Noreg er lågt. Styret i Noregs Mållag meiner likevel at det hastar med å få ordningar som sikrar norskspråklege e-bøker. Norskspråklege e-bøker vil i utgangspunktet stå seg dårleg i møte med engelskspråkleg litteratur både når det gjeld utval og pris. Då er det viktig at styresmaktene set i verk dei tiltaka som finst, for å sikre at norsk litteratur òg har ein plass i e-bokverda. Momsfrítak for e-bøker er både med på å halde prisane nede og breidda oppe. For Noregs Mållags del er særleg omsynet til nynorsken viktig. I St. meld. nr. 35 (2007-2008) Mål og meining står det at «omsynet til nynorsk alltid skal vurderast eksplisitt når det dreier seg om tiltak som involverer norsk språk». For eit språk i mindretal vil fråværet av god politikk på e-bokfeltet vere endå meir merkbart enn det vil vere for fleirtalsspråket.

**NOREGS MÅLLAG** meiner storting og regjering må sjå at momsfrítak for e-bøker er eit naudsynt tiltak for å sikre norsk språk på ein ny arena, og bed om at språklege omsyn blir lagde til grunn i denne saka, i tråd med språkmeldinga. Momsfrítak for e-bøker bør vedtakast snarast råd, helst i samband med statsbudsjettet for 2012.

HÅVARD B. ØVREGÅRD  
leiar i Noregs Mållag



IDA HABBESTAD

skribent og kritikar

### MIDT I KULTUREN



Kulturminister Anniken Huitfeldt har ingen innsigelse mot at NRK tilbyr medietrening til næringslivet

DN



Vi hadde ikke helt julefølelsen da vi startet, men den kom fryktelig sterkt etter hvert

JULEPLATEAKTUELLE KURT NILSEN, DAGBLADET



Det er ikke sikkert barna kan skille hva som er humor og hva som er sant

IB THOMSEN (FRP) VIL HINDRE AT FRP-KRITISK BARNEBOK BLIR INNKJØPT TIL BIBLIOTEKENE, DAGBLADET



Er det en kanal uten damer? I så fall gidder ikke jeg å se på den.

KURT ODDEKVALV VIL IKKE SE MANNEKANALEN MAX, BA